



Teikning av hus og landskap

Mange minnest kunstnaren Magnus Hardeland. Han har måla mange landskapsmotiv og portrett som heng i nokre hus i Uskedalen. I 2008 vart det skipa til utstilling på Bygdetunet Rød med om lag 30 bilete frå private eigarar i Kvinnherad. Mange av motiva var frå Uskedalen, frå Dønhaug, Haugland, Kjærland og frå hytta Mannsbu ved Mannsvatnet.



Landskapsmåleri frå Fitjar

På laurdag vart det opna ein større Hardelandutstilling med motiv frå Fitjar og Stord.

Bakgrunnstoffet frå Bygdetunet Rød var ein del av førebuingsarbeidet på Fitjar og uskedalen.no fekk invitasjon til opninga.

Det var eit gildt møte med dotter til kunstnaren, Kristi Hardeland, og familien.

På utstillinga fekk ein sjå måleri, teikningar og akvarellar, men og kommunevåpen Hardeland teikna. Av desse er Kvinnherad og 9 andre kommunar i Hordaland.

Magnus Hardeland hadde namnet sitt frå Etne, men var fødd på Fitjar i 1905. I sin vaksne alder og som kunstnar budde han i Bergen. Han hadde god kontakt med Uskedalen, særleg på Kjærland hos Sivert Kjærland og hjå Lars P. Haugland på Haugland.

Magnus Hardeland døydde i 1980



Ein karikatur av eit kommunestyremøte

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland